

## Permisjonsreglement for Tryggheim Strand

### **§ 1 Føremål og verkeområde**

Permisjonsreglementet regulerer grunnlaget for at Tryggheim Strand kan innvilge permisjon fra skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Reglane gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova §2-2 (jf. privatskolelova §3-2) og gjeld elevar ved Tryggheim Strand.

### **§ 2 Vilkår for å få innvilga permisjon**

Elevar kan berre få permisjon dersom dei får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. For å vurdere kva som er forsvarleg, skal skulen mellom anna legge vekt på læringsutbytet til eleven, kva som skal skje på skulen i den tida det er søkt permisjon for og om foreldra sørger for eigna opplæring i permisjonstida. Det skal òg gjerast ei vurdering av kva som er til det beste for eleven.

### **§ 3 Øvre grense for permisjon per skuleår**

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår. Dersom det føreligg tungtvegande grunnar, vil det kunne i nokre særlege tilfelle kunne gjevast permisjon ut over desse 10 dagane. Det er skulen v/rektor som avgjer om det føreligg tungtvegande grunnar. I slike tilfelle skal ikkje permisjon innvilgast dersom vilkåra i ikkje §2 er oppfylte.

### **§ 4 Permisjonslengd og ansvarleg for vedtak**

Søknad om permisjon for inntil to dagar vert avgjort av kontaktlærar og skal innvilgast dersom vilkåra i §§ 2 og 3 er oppfylt. Søknad om permisjon i 3-10 dagar vert avgjort av rektor.

### **§ 5 Obligatoriske prøvar, kartleggingar, eksamen og særskilte periodar**

Det kan ikkje innvilgast permisjon ved førebuing til, eller gjennomføring av kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar eller eksamen. Det skal normalt sett heller ikkje innvilgast permisjonar på meir enn to dagar i siste termin på 10. trinn.

### **§ 6 Kven kan sökje om permisjon**

Foreldre eller den som har dagleg omsorg for barnet kan sökje om permisjon.

### **§ 7 Søknadsfrist**

Søknad om permisjon må sendast inn i skulen sitt søknadssystem seinast 2 veker før permisjon på inntil 2 dagar og seinast ein månad før permisjon på 3-10 dagar.

### ***§ 8 Klage***

Avgjersla om permisjon er eit enkeltvedtak og det er klagerett på avgjersla. Det er tre vekers klagefrist på vedtak. Skulen handsamer klager først og Departementet v/Statsforvaltaren er siste klageinstans.

### ***§ 11 Ikraftsettjing***

Permisjonsreglementet er gjeldande frå 15.9.2024